



Se-Arkitektur AS
Wernersholmvegen 49
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2285 - 19/2839

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
19.02.2019

Godkjenning - Igangsettingsløyve og utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 38/89 - Refskar

Administrativt vedtak. Saknr: 27/2019

Tiltakshavar: Mjåtveit Terrasse AS
Ansvarleg søkjar: SE – Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. 21-2 5. ledd

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

SE-Arkitektur AS har på vegne av tiltakshavar, Mjåtveit Terrasse AS, søkt om igangsettingsløyve for heile tiltaket - oppføring av fritidsbustad (hytte A) på gbnr. 38/89, Refskar. Det er samstundes søkt om utsleppsløyve.

Rammeløyve ble gitt administrativt i vedtak datert 09.10.2018, DS 268/2018.

Vi viser til søknad, journalført motteke 30.01.2019.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

Det følger av pbl § 21-3 tredje ledd løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve. Igangsettingsløyve «*kan ikkje gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...). Igangsettingsillatelse kan deles opp*».

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I rammeløyve datert 09.10.2018 var det stilt følgjande vilkår:

1. *Tiltaket kan ikkje setjast i gong før igangsettingsløyvet ligg føre.*
2. *Før det blir gitt igangsettingsløyve må det omsøkast og gjevast løyve til privat avlaupsløysing, herunder rett til bruk av private stikkleidningar eller rett til å føre leidningar over framand grunn.*
3. *Før det blir gitt igangsettingsløyve må privat vassforsyning dokumenterast, herunder rett til bruk av private stikkleidningar eller rett til å føre leidningar over framand grunn.*

Avlaup:

Det er søkt om utslepp via en 7 m³ slamavskiljar og derifrå i tett avløpsleidning som går ut i sjø på djupleik minimum 10 meter. Anlegget må plasserast slik at det kan tømmast med slamsugebil innanfor vilkåra for den kommunale slamtømmeordninga. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Det ligg føre avtale mellom heimelshavar av gbnr 38/2, Olav Skår, som gjev gbnr 38/89 løyve til å leggje vass- og kloakkleidning over gbnr 38/2, jf. avtale datert 24.10.2018. Plassering er dermed privatrettsleg sikra etter pbl § 27-2. Kommunen krev at avtala blir tinglyst, jf. § 27-2 andre punktum.

Vassforsyning:

Det er søkt om tilkobling til offentlig vassanlegg via privat leidningsnett.

Eigar av den private vassleidninga, Helge Skjerven, har samtykka til tilkopling, jf. avtale datert 03.12.2018. Tilkopling til offentlig vassanlegg via privat nett er dermed sikra privatrettsleg, jf. pbl § 27-1. Kommunen krev at avtala blir tinglyst, jf. § 27-2 andre punktum.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 29.01.2019 og 30.01.2019. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf. pbl § 23-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket – oppføring av fritidsbustad gbnr 38/89, i samsvar med søknad med vedlegg journalført motteke 29.01.2019 og 30.01.2019.

Det gis samstundes løyve til å leggje vass- og avlaupsleidningar over gbnr 38/2 etter samtykke frå grunneigar, jf. pbl § 20-1. Avtalen må tinglystast før det vert søkt om bruksløyve/ferdigattest for tiltaket.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, såfremt det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsende erklæringar og gjennomføringsplan journalført motteke 29.01.2019 og 30.01.2019, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkeelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Meland kommune godkjenner at eigedomen vert knytt til kommunalt vassanlegg, på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding om dette til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret i 2019 for vatn er kr. 20 000,- pr eining + mva.

Meland kommune gjev, i medhald av forskrift om begrensning i forureining § 12, løyve til utslepp i samsvar med søknad journalført motteke 29.01.2019 og 30.01.2019, på følgjande vilkår:

- Avlaupet skal gå via slamavskiljar på 7 m³ av godkjent type.
- Frå slamavskiljaraen skal avlaupsvatn førast i tett leidning og ut til sjø, med djupleik minimum 10 meter.
- Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast med slamsugebil innanfor vilkåra for den kommunale slamtømmeordninga.
- Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
- Avtala om rett til å leggje vann- og kloakkleidning over gbnr 38/2 skal tinglysast.
- Avtala om rett til å koble seg på privat anlagt vassleidning skal tinglysast.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik

Hanne Marie Evensen

Juridisk rådgjevar, byggjesaksansvarleg

Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

641.A2.10.01 - SITUASJONSPLAN- Vann og avløp-Signed
Gjennomføringsplan

Kopi til:

Mjåtveit Terrasse AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Se-Arkitektur AS

Wernersholmvege 5232
n 49

PARADIS